



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dato: 11.02.2014  
Vår ref.: 2014/11403-1  
Dykkar ref.:2010/108368 421.2

## Regional transportplan Hordaland - rapportering i høve til avtale

Me syner til høyringsprosessen kring Regional transportplan Hordaland våren 2012. Der kom Fylkesmannen med merknad om at planframlegget ikkje var i tråd med fylkeskommunen sin klimaplan, og at han ville bringa planen inn for Miljøverndepartementet dersom planframlegget ikkje vart endra.

Det vart i etterkant gjennomført eit møte mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen. Her vart partane einige om at mindre endringar i planframlegget, saman med årleg rapportering på tiltak i handlingsprogram og belønningsavtale, ville vera tilstrekkelege tiltak til at Fylkesmannen trekte merknaden.

I brev frå Fylkesmannen datert 18.09.2012 heiter det at *Fylkesmannen seier seg nøgd med at fylkeskommunen gjennom årleg revisjon av handlingsprogrammet til RTP vil sjå til at ein når måla i klimaplanen.*

Vedlagt finn de rapportering på RTP-handlingsprogram, vedteke i fylkesutvalet 21.11.2013, og årsrapport i samband med belønningsavtalen, oversendt Samferdsledepartementet 31.01.2014.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:** Rapportering på RTP-handlingsprogram, vedteke i fylkesutvalet 21.11.2013.  
Årsrapport i samband med belønningsavtalen, oversendt Samferdsledepartementet 31.01.2014.

